

MØTEREFERAT

Tema: Ny kommune **Ytre Søre Sunnmøre** (Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid)
Dato/Sted Thon Hotell, Fosnavåg, 16. desember 2015, kl 10:00 til 12:00

Møteleiar: Knut Erik Engh
Oppmøte: Helge Støylen, varaordførar, Sande kommune
Arnljot Muren, formannskapsmedlem, Sande kommune
Asle Giske, rådmann, Sande kommune
Lena Landsverk, ordførar, Vanylven kommune
Bjarne Sætrenes, varaordførar, Vanylven kommune
Ottar Jan Løvoll, formannskapsmedlem, Vanylven kommune
Arnhild Nordaune, kommunalsjef, Vanylven kommune
Arnulf Goksøyr, ordførar, Herøy kommune
Camilla Storøy, varaordførar, Herøy kommune
Svein Gjelseth, formannskapsmedlem, Herøy kommune
Olaus-Jon Kopperstad, rådmann, Herøy kommune
Anders Riise, ordførar Hareid kommune
Annika Brandal, formannskapsmedlem, Hareid kommune
Knut Erik Engh, ordførar Ulstein kommune
Steinar Torvik, varaordførar, Ulstein kommune
Renathe Rossi-Kaldhol, formannskapsmedlem, Ulstein kommune
Einar Vik Aarset, rådmann, Ulstein kommune
Per Ivar Lied, rådgjevar, Sunnmøre Regionråd (referent)

Forfall: Dag Vaagen, ordførar, Sande kommune

Arnulf Goksøyr, ordførar i Herøy kommune, ønskte velkommen.

1. Koordineringsgruppa

Koordineringsgruppa som vart oppnemnt på Sæbø (Knut Erik Engh, Olaus-Jon Kopperstad, Asle Giske, Per Ivar Lied) vart utvida også med kommunane Vanylven (Lena Landsverk) og Hareid (Anders Riise).

2. Statusrunde

Sande: Brei tilnærming, 7-stjerna utgangspunkt, 5 kommunane ytre søre sunnmøre no naturlege alternativ. Null-alternativet ikkje utelukka. Forhandlingsutval valt. Ikkje tatt standpunkt til type innbyggjarinvolvering, men viktig med klare alternativ og at dette er koordinert med dei andre kommunane (type/dato).

Vanylven: Mandatet er å framforhandle intensjonsavtale med nabokommunar både sør (Selje/Vågsøy) og nord (5K YSS). To innbyggjarundersøkingar viser at Sunnmøre mest aktuelt. Vedtak på rådgivande folkeavstemming. Selje har kome med førespurnad om å få delta i Ytre Søre Sunnmøre-forhandlingane. Forhandlingsutval er valt.

Herøy: Brei tilnærming, 7-stjerna, 5 kommunane ytre søre naturleg oppfølgjing. Twin-alternativet med Sande aktuelt, også null-alternativet (7-5-2-0). Interessant med

Selje, men for seint å utvide no. Åpen for innbyggjarhøyring, viktig med samme metode/koordinert tilnærming. Forhandlingsutval er valt.

Hareid: Brei tilnærming, med både i regionkommune Sunnmøre og Ytre Søre Sunnmøre. Null-alternativet ikkje utelukka, men hittil ikkje brukt tid på. Forhandlingsutval valt (17.12).

Ulstein: Ytre Søre Sunnmøre foretrukne alternativ, med åpning for Ørsta/Volda. Også med i arbeidet med regionkommune. Kommunestyret veljer forhandlingsutval 17.12, samt vedtek tidsløp fram til sommaren. Ulike innbyggjarhøyringar aktuelle (opinionsundersøking pr tlf, folkemøte, ol). Kommunestyret vil truleg ta stilling til evt (elektronisk?) folkeavstemming i januar (også mandat).

Konklusjon: Alle fem kommunane framleis med/for Ytre Søre Sunnmøre, forhandlingsutval er valde, viktig å koordinere metode/tidsløp for innbyggjarhøyring (tema i neste møte).

3. SWOT-analysen frå Sæbø

Ikkje alle var med på arbeidsmøtet i Sæbø, og ikkje alle hadde mottatt rapporten frå samlinga. Sunnmøre Regionråd v/Per Ivar Lied gjekk derfor gjennom hovudpunktene i rapporten som vil ligge ved oppsummeringa frå møtet til alle deltakarane i forhandlingsutvala.

Ulstein (Engh) kommenterte at samandraget mangla eit par viktige punkt i utfordringsbildet (organisk vekst tettstadane, avklaring av kommunesenter). Sande (Giske) ønsker i det vidare arbeid meir fokus frå indre organisasjon til «ytre vilkår» i samfunnsutviklinga generelt som uansett medfører endringar – som krav/forventningar til kommunane, internasjonalisering, sentralisering, individualisering, næringslivskonjunkturar.

4. Avklaring forespørsel frå Selje kommune

Møteleiar viste til at Selje kommune hadde retta ein forespørsel om å vere med i forhandlingsgruppa. Fleire meinte at dette kunne vere interessant, men at innspelet kom seint i prosessen, og at dei fem eksisterande kommunane no måtte konsentrere seg om dette formatet (5K). Konklusjonen var å takke nei til forespørselen frå Selje kommune.

5. Møteplan og framdriftplan

Punkt 3 (forhandlingsløp), 4 (rammeverk intensjonsavtale) og 5 (vision/mål) utsett til neste møte, i tillegg til tidsløp/metode for innbyggjarhøyring og å identifisere viktige/vanskelege forhandlingspunkt.

Neste møte **onsdag 6. januar kl 12-16.00, Thon Hotell, Fosnavåg**. Møtet startar med lunsj.

Ytterlegare møte vart tentativt avtalt fredag 29. januar.

Kvar kommune/medlemmane i forhandlingsutvala vert oppfordra til å lese SWOT-analysen, og arbeide med utfordringspunkt/førebuing til neste møte.

6. Dokumentasjon

Det var semje om å sende ut

- SWOT-analyse frå Sæbø-møtet
- Utkast til intensjonsavtale, utarbeidd av Andres Nørve, Vanylven kommune
- Mulege hovudpunkt intensjonsavtale (Sunnmøre Regionråd)
- Basisfakta nykommune 5 YSS (lagt ved til info)

Møtet slutt 12:10 etterfølgjt av felles lunsj.